



Manger Bygdelag
Odd Matre
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2448 - 17/15487

Saksbehandlar:
Lisbeth Toppe Alvær
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:
14.12.2017

Førespurnad om å overta eigarskap for Tingstova

Kommunen planlegg å oppgradere Prestegarden og Prestegardshagen i åra som kjem, og det er sett av midlar til dette i budsjettet for 2018. Prestegarden, med Prestegardshagen, er eit flott og viktig område sentralt på Manger, som kommunen no ønskjer å utvikle vidare. Mellom anna er Prestegarden/-hagen og Tingstova peika på som aktuelle stader for vigslar fom. 01.01.18.

Ettersom Tingstova er plassert i Prestegardshagen, ønskjer kommunen å kome i dialog med Bygdelaget på Manger, om å overta eigarskap for Tingstova. Ei løysing kan vere at kommunen overtek eigarskap for Tingstova kostnadsfritt, mot at Bygdelaget vert sikra bruksrett. Detaljar vert å kome tilbake til.

Viser til samtale med leiar Odd Matre, og ber om ei snarleg tilbakemelding. Ta kontakt med rådmann Jarle Landås (56 34 90 20) eller kommunalsjef Lisbeth T. Alvær (56 34 90 19) dersom det er spørsmål eller behov for avklaringar.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær
kommunalsjef drift og forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jarle Landås

Mottakarar:
Manger Bygdelag

Odd Matre

5936

MANGER